



Kulturdepartementet

Dato: 28.05.2015

Vår ref.: 15/354-3/K2-U62//BVG

Saksbeh. e-post:

bvg@forsand.kommune.no

Saksbeh. tlf.: 51 700 108

Dykkar ref.:

Att:

Melding om vedtak

Høring: Forslag om endringar i heilagdagslova for å gi løyve til søndagsopne butikkar

Kommunestyret behandla saka i møte den 20. mai 2015, og følgjande vedtak blei gjort:

Kommunestyret rår frå å vedta dei føreslegne endringane i heilagdagslova.

- *For mange er søndagen ein dag der ein kan samlast for turar, trening og andre friluftaktivitetar. I eit folkehelseperspektiv spelar søndagen difor ei viktig rolle.*
- *Med søndagsopne butikkar må fleire arbeide på søndagar. Det kan føre til auka kamp om arbeidskrafta og dermed skape rekrutteringsutfordringar innan til dømes pleie- og omsorgsområdet.*

Sjå vedlagte saksutgreiing.

For rådmannen

Bodil Vika Gjesteland
politisk sekretær



Forsand kommune

Saksframlegg

SAKSGANG		
Saksnr	Utval	Dato
036/15	Kommunestyret	20.05.2015

Arkivkode	Saksbehandlar	Arkivsak/j.post
K2-U62	Søren Jensen	15/354 - 2 15/4169

Vedlegg: Dok.dato	Tittel	Dok.ID
06.05.2015	Høring- forslag om endringer i helligdagsloven .pdf	105506
30.03.2015	Høringsnotat-søndagsåpne butikker - 27.mars 2015 (L)(1055368).pdf	105503
06.05.2015	helligdagsloven (L)(1055307).pdf	105505

Høring: Forslag om endringar i heilagdagslova for å gi løyve til søndagsopne butikkar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret rår frå å vedta dei føreslegne endringane i heilagdagslova.

Behandling i Kommunestyret 20.05.2015

Jon Fløysvik sette på vegne av Krf fram følgjande tillegg:

- *For mange er søndagen ein dag der ein kan samlast for turar, trening og andre friluftaktivitetar. I eit folkehelseperspektiv spelar søndagen difor ei viktig rolle.*

- *Med søndagsopne butikkar må fleire arbeide på søndagar. Det kan føre til auka kamp om arbeidskrafta og dermed skape rekrutteringsutfordringar innan til dømes pleie- og omsorgsområdet.*

Ved røysting over tilrådinga frå rådmann røysta 14 for, 3 røysta mot (H)

Ved røysting over tillegget frå Krf, blei det vedteke med 13 røyster, 4 røysta mot (H.Frp)

KS-036/15 Vedtak:

Kommunestyret rår frå å vedta dei føreslegne endringane i heilagdagslova.

- For mange er søndagen ein dag der ein kan samlast for turar, trening og andre friluftaktivitetar. I eit folkehelseperspektiv spelar søndagen difor ei viktig rolle.
- Med søndagsopne butikkar må fleire arbeide på søndagar. Det kan føre til auka kamp om arbeidskrafta og dermed skape rekrutteringsutfordringar innan til dømes pleie- og omsorgsområdet.

Dokumentliste:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	06.05.2015	Kulturdepartementet	Høring – forslag om endringer i helligdagsloven for å tillate søndagsåpne butikker.

Anna		
Utval	Høring	Behandling
Eldreråd		
Råd for funksjonsh.		
Arbeidsmiljøutval		

Samandrag

Kulturdepartementet føreslår i høyringsnotatet å endre heilagdagslova for å tillate søndagsopne butikkar. På dei særskilde heilagdagane og på høgtidsdagane 1. og 17. mai skal butikkar som hovudregel framleis vere stengde. Det er teke inn eit alternativt forslag om å legge avgjerdsmynde til kommunane.

Vurdering og konklusjon

I samband med dei tenester og tilbod ein kommune yter til innbyggjarane ser rådmannen to negative aspekt ved ei liberalisering av heilagdagslova:

- For mange er søndagen ein dag der ein kan samlast for turar, trening og andre friluftaktivitetar. I eit folkehelseperspektiv spelar søndagen difor ei viktig rolle.
- Med søndagsopne butikkar må fleire arbeide på søndagar. Det kan føre til auka kamp om arbeidskrafta og dermed skape rekrutteringsutfordringar innan til dømes pleie- og omsorgsområdet.

På generelt grunnlag er det ønskeleg å ta vare på søndagen som ein heilagdag i det som for mange elles vert opplevd som ein travel kvardag.

Forsand, 06.05.2015

Søren Jensen
rådmann